



Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem aktuelle nyhende frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar og viktige datoar i første kvartal 2022

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme	
		Gloppen	Stad
	Felles for Gloppen og Stad		
SMIL	1. mars	580.000	520.000
Produksjonstilskot del 1	15. mars		
Drenering	Løpande	300.000	300.000
Tiltak i beiteområde	1. mars	120.000	120.000
UKL Stad	1. juni		900.000
Tilskot til skogkultur	Løpande	100 000	100 000
Tilskot til skogsveg og taubane	Løpande	1.000 000	600 000

Om søknadsordningane for jordbruket

Det er viktig at bøndene i Gloppen og Stad nyttar desse ordningane og søker på dei slik at kommunane framover også får tildelt midlar til desse føremåla.

SMIL

I tillegg til prioriteringane gjort i strategiplan for spesielle miljøtiltak i jordbruket kjem Statsforvaltaren med ei klar oppmoding om å prioritere midlane på tiltak som reduserer ureining og utslepp frå landbruksdrift.

Bakgrunnen er omsynet til vasskvalitet, klimatilpassing og ressursbevaring. Til dømes vil tak over eksisterande gjødsellager vere gode miljøtiltak som medverkar til redusert ammoniakkutslepp til luft. Som tilleggseffekt vil slike tiltak auke lagerkapasiteten slik at husdyrgjødsla kan bli spreidd til rett tid i vekstsesongen, og medverke til redusert fare for avrenning til vatn og vassdrag.

I praksis vil dette bety at tak over gjødsellager og hydrotekniske tiltak også vil verte prioritert høgt i 2022.

Drenering

Føremålet med ordninga er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord med potensiale for auka produksjon på areala, redusert fare for erosjon og redusert overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

Trongen for drenering er stor og vi oppmodar bøndene om å nytte seg av ordninga og av den grunn har vi løpande søknadsfrist.

Du kan lese meir [om korleis du søkjer og finn link til søknadsskjema på kommunen si heimeside.](#)



Avskjeringsgrøft. Foto: Bernt Reed, Gloppen kommune.

Tilskot til tiltak i beiteområde

Du kan søkje på tiltak for å stimulere til auka beitebruk i utmark. Faste installasjonar som bruer og skiljeanlegg, sperregjerde og elektronisk sporingsutstyr vert prioritert.

Du finn [meir informasjon og lenke til søknadsskjema på kommunen si heimeside.](#)



Geita er ein god landskapspleiar. Foto: Pixabay

Døme på tiltak kan vere:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerde for å sikre at dyr ikkje kjem inn i farleg område.
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakingststyr

Oppsummering av søknadsrunden for produksjonstilskot (PT) og tilskot til regionalt miljøprogram (RMP)

I fjor hadde vi nokre tilfelle der søkjar har opna søknaden etter at han/ho har levert for å sjå kva som er lagt inn. Søknaden har så blitt lukka, utan å sende søknaden på nytt. Då vil den bli liggande i kladd og ikkje på levert. Dette er ikkje bra og noko vi har meldt vidare til statsforvaltaren som ser på problemstillinga og melder vidare til Landbruksdirektoratet. **Før det kjem ei endring på dette, er det viktig at du som søkjar må hugse å sende inn søknaden på nytt om du går inn for å kikke på det som er levert inn.**

Klimakalkulator

Klimakalkulatoren er eit digitalt verktøy som er utvikla for den norske landbruksnæringa. Målet er at bonden skal kunne nytte kalkulatoren for å få oversikt over eigne utslepp og kunne gjere tiltak for å redusere utsleppa.

Kalkulatoren vert no rulla ut og det er laga kalkulatorar for dei fleste produksjonar. Kalkulatoren tek i bruk allereie registrerte data frå det einskilde gardsbruk som vert registrert til dømes hos TINE, Felleskjøpet og rekneskapskontora. Alt du som bonde treng å gjere er å registrere deg og logge inn på klimakalkulatoren.

God agronomi er godt klimaarbeid og gjev både auka avlingar og reduserte klimautslepp. Vi oppfordrar alle bønder i Gloppen og Stad til å ta i bruk klimakalkulatoren.

Du kan [lese meir om kalkulatoren og korleis du kjem i gang på heimesida til Klimasmart landbruk.](#)

Du kan også [lese meir om klima og jordbruk og klimakalkulatoren på heimesidene til Statsforvaltaren i Vestland.](#)



Skogforsikring

Vi har heldigvis i stor grad vore forskåna for store mengder vindfall i vårt område i samband med vinterstormane som har vore. Den tørre sommaren med skogbrannar i vårt område og dei store øydeleggingane på Austlandet i vinter er ei god påminning om at det er viktig å forsikre skogen din.

I Noreg er det ein aktør som forsikrar skog; Skogbrand. Det er lett å teikne forsikring og du legg berre inn skogarealet ditt som du finn til dømes på [Gardskart hos Nibio](#) og får forsikra skogen både mot brann og vind. Gå på www.skogbrand.no for å sjå vilkår og korleis du kan teikne forsikring. Skogforsikring kan du dekke med skogfond.

Fagdagar om skog framover

Det har vore gjennomført kappedagar i januar i både Stad og Gloppen. Vi ynskjer å legge til rette for fleire fagdagar om skog og på våren vil det verte fagdagar om ungskogpleie. Ungskogpleie er viktig for å auke verdien på skogen og førebygge skadar på skogen. Følg med på heimesidene til kommunen for tid og stad.

Vi vil også legge til rette for andre skogrelaterte kurs i samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap og Skogkurs. Vi set stor pris på innspel om det er noko særskild som de ynskjer fagdagar om.



Vinter mellom furutrea. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Fagdagar om biogass i mars

Det vert arbeid med å etablere eit biogassanlegg i Gloppen. I samband med dette vert det arrangert to fagdagar for å informere om prosjektet.

Målgruppa er bønder som ynskjer levere husdyrgjødsel til anlegget, Nomil med hushaldningsavfall, Sande settefisk med fiskeavfall og slakteria med slakteriavfall. Møta vert likevel lagt opp som opne møter slik at alle interesserte kan vere med. Vi må ha påmelding grunna litt mat å bite i og dette vert annonsert. Følg med på heimesida til Gloppen kommune!

- Dag 1: 9. mars på Gloppen hotell, kl. 12.00-15.00
- Dag 2: 17. mars på Skei Thon Hotell, kl. 12.00-15.00

Innleiarar:

- Norsk Landbruksrådgiving om biorest; transport; økonomi; lagring; bruk;
- Bondelaget om avtaleverket
- Innovasjon Norge om økonomi
- Biogass Sømna med bakgrunn og status for deira biogass-prosjekt

Det vert også høve til spørsmål i økta.

[Les meir om biogass her](#)

Mykje hjort langs vegen!

Det er meldt om mykje hjort langs vegane rundt om i kommunane og det har vore ein del påkøyrslar siste tida. Spesielt på E-39 er det viktig å vere obs når det er mørkt. Om ein skulle vere uheldige å vere borti ein hjort med bilen, **SKAL ein varsle politiet på 02800.**



Mjølkebilane kan køyre på biogass. Foto: TINE SA.

Helsing Marte, Odd-Harald, Bjørnar, Bernt, Karoline, Åse Marie og Trine